



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
25.08.2014
Dykkar dato
27.05.2014

Vår referanse
2014/2743 612
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev - Radøy - Kompetansemidlar 2014 til barnehagar

Ref.2170ils, pnr.21030

På grunnlag av Radøy kommune sin søknad om kompetansemidlar til barnehagane overfører Fylkesmannen kr. 48 226,- til kommunen sitt kontonummer 3636 07 00776. Overføringa er merka Kompetansemidlar 2014.

Utdanningsdirektoratet har gitt Fylkesmannen fullmakt til å tildele kr. 3 937 000 til kompetansetiltak i barnehagane. Dette er ordinære kompetansemidlar som skal brukast til å gjennomføre kommunen sin kompetanseplan. 10 prosent er fordelt likt mellom kommunane, resten er fordelt etter barnetal.

Fylkesmannen disponerer også andre kompetansemidlar og aukar tilskotet med 10 prosent i høve til tilsegnsbrevet av 26. februar. Dei statlege midlane skal brukast i løpet av barnehageåret 2014/15.

Sentrale føringar

Utdanningsdirektoratet stiller krav om at kompetansemidlane skal brukast på tiltak som er i tråd med mål og innhald i kompetansestrategien «Kompetanse for framtidens barnehage – Strategi for kompetanse og rekruttering».

Målgruppe

Kompetansemidlane skal brukast til kompetanseutvikling for alle grupper tilsette i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Rapportering

Kommunane skal rapportere om bruken av desse midlane **innan 30. mai 2015**.

Det skal rapporterast om:

- Kva det statlege tilskotet er brukt til. Til dømes samlingar, prosjekt, særlege støtteordningar, kursrekkjer, reiser m.v.
- Samarbeidspartar. Til dømes Universitet, høgskular, forskingsmiljø, andre instanstansar som blir brukte i tillegg til egne ressursar.
- Talet deltakarar frå kommunale barnehagar for kvart tiltak.
- Talet deltakarar frå ikkje-kommunale barnehagar for kvart tiltak.

Vi gjer merksam på at Fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at midlane blir nytta etter føresetnadene jf. Bevilgningsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12. Dersom det ved eit mistak skulle vera noko feil i tildelingsbrevet, vil dette verta retta opp ved eit seinare høve. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.